

Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Møtestad: Skype-møte – kombinert med fysisk møte i Ålesund

Dato: 19.05.2021

Tidspunkt: 10:00 - 15:30

Til stades:

Namn

Varamedlem for

Ingve Theodorsen

Lodve Solholm

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen

Anette Lekve

Gerd Marit Langøy

Toril Forbord

Bjarne Storset

Ikkje møtt:

Namn

Frå administrasjonen møtte:

Namn

Stilling

Marianne Ensby Gravem

Utvalssekretær

Paula Næss Skår

Leiar brukarutvalet

Daniel Ask

brukerrepresentant

Merknad i møte:

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
42/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
43/21	Orientering frå administrerande direktør
44/21	Forbettringshistorie - Erfaring med Covid-19
45/21	Orienteringssak - Bygningsmessig utviklingsplan for Ålesund sjukehus - oppfølging av styresak 39/21
46/21	Orienteringssak - SNR
47/21	Referatsaker - utan saksframlegg
48/21	Statusrapport Mars 2021 - kvalitet, økonomi, aktivitet og gyldne regel
49/21	Prinsipp for langtidsbudsjett 2022-2032
50/21	Orientering om gjestepasientar i Helse Møre og Romsdal
51/21	Forbettringsprogrammet
52/21	Forskings-, innovasjons og utdanningsmelding for Helse Møre og Romsdal 2020
53/21	Pasientskadar i Helse Møre og Romsdal HF for 2020

42/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 42/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Adm. dir. ber styret om å få ta sak 50/21 rett etter lunsj før sak 48/21.

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

43/21 Orientering frå administrerande direktør

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 43/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk ei orientering frå administrerande direktør Øyvind Bakke om følgjande tema:

- Ombygging av DPS, salg av Solhagen i Kr.sund - lagt
- covid-19: 12 innlagte i april (hvorav 6 på intensiv), testkapasiteten på mikrobiologien
- 25 av våre tilsette har reist og bistått Helse Sør-Øst på behandling av covid-pasientar
- Vaksinerings av tilsette
- Ventetidar - utvikling sidan januar 2020 til april 2021
- Kristiansund sjukehus - auke i kne- og hoftelddsprotese-innsettingar
- Felles henvisningsmottak innan ortopedi
- ForBetrings-undersøking i HMR HF
- Rekruttering - helsepersonell i framtida
- Mikrorygg-operasjon i Ålesund
- Nytt tilbod til pasientar med pustestopp ved Molde sjukehus
- Ny økonomidirektør og ny HR-direktør
- AD har hatt ei hospitering hos prehospitala tenester - ambulansestasjon
- Fødetilbodet i helseføretaket

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

44/21 Forbettringshistorie - Erfaring med Covid-19

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 44/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk ein presentasjon av seksjonsleiar Marit Vatsaas Vinje og overlege anesthesiologi Finn H. Andresen ved intensivavdelingen på Ålesund sjukehus. Det blei vist ein film frå simulering av pasientmottak/transport, prosedyre ved innlegging av tracheostomi og prosedyre ved sning av pasient til mageleie. Dei delte av sine erfaringar frå pandemisituasjonen og korleis ein løyste bemanning, smittevern og praktiske/fysiske løysingar for å mellom anna begrense smitterisiko. Styret er imponert over innsatsen som er gjort på intensivavdelinga og berømmar dei tilsette.

Ingen vedtak

45/21 Orienteringssak - Bygningsmessig utviklingsplan for Ålesund sjukehus - oppfølging av styresak 39/21

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 45/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk ei orientering om status på Akutt/Intensiv/Operasjon-prosjektet ved Ålesund sjukehus av viseadministrerende direktør Heidi Nilsen. Styret fekk mellom anna presentert arealplanane for intensiv og PET-scan, hovudinngangen mot nord inkludert adkomstplanlegging mot biltrafikk og buss, poliklinikkareal og ventilasjon. Ein vil gjere ei kartlegging av økonomiske og kvalitative gevinstar og prosjektet si berekraft.

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

46/21 Orienteringssak - SNR

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 46/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk ei orientering om SNR-prosjektet av viseadministrerende direktør Heidi Nilsen. Presentasjonen har ei lenke til VR-filmar frå sjukehusteikningane som styret gjerne må sjå på i etterkant av styremøtet.

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende

47/21 Referatsaker - utan saksframlegg

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 47/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret har fått følgjande referatsaker:

- Protokoll frå føretaksmøtet i april
- Protokoll HMN RHF
- Protokoll frå AMU-møte HMR
- Protokoll frå overordna samhandlingsutvag
- Referat frå samling i ungdomsrådet
- Protokoll frå brukarutvalet HMR

48/21 Statusrapport Mars 2021 - kvalitet, økonomi, aktivitet og gyldne regel

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 48/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk presentasjon av statusrapport og tal frå kvalitet og aktivitet ved fagdirektør Torstein Hole og tal frå økonomi ved økonomidirektør Trine Sperre. Det blei også gitt ei orientering om bemanning, sjukefråver, HMS-hendingar og arbeidstidsavvik ved HR-direktør Ketil Hjelset. Tal for månadsverk er oppgitt feil i saksframlegget for statusrapporten. Tal månadsverk samanlikna med same periode i fjor, har ikkje ein nedgang, men ei auke.

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek statusrapport for mars 2021 til vitende.

49/21 Prinsipp for langtidsbudsjett 2022-2032

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 49/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk ein presentasjon av prinsippa rundt langtidsbudsjettet 2022-2032 ved økonomidirektør Trine Sperre. Endringa i utrekninga frå finansieringsmodellen blei også vist og dette blei drøfta i styremøtet blant styremedlemma.

Styremedlem Gerd Marit Langøy kom med forslag til ekstra vedtakstekst etter første setning:

Styret ber om at Helse Midt Norge tek høgde for at Akutt/Intensiv/Operasjon-prosjektet med opsjoner blir inkludert i Helse Midt-Norge sitt langtidsbudsjett.

Styret stemte samrøystes for dette tillegget.

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til valte prinsipp og føresetnader i langtidsbudsjettet for 2022- 2032 slik som skissert i saka. Styret ber om at Helse Midt Norge tek høgde for at Akutt/Intensiv/Operasjon-prosjektet med opsjoner blir inkludert i Helse Midt-Norge sitt langtidsbudsjett. Ein føresetnad for prioriteringane er økonomisk berekraft i perioden.

50/21 Orientering om gjestepasientar i Helse Møre og Romsdal

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 50/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk ein presentasjon frå klinikkssjef i klinikk SNR, Georg Johnsen, om status gjestepasientar i Møre og Romsdal og korleis ein ser føre seg korleis ein skal fokusere på ei forbetring. Her til dømes ventelister, informasjon, omdømmebygging, samarbeid, pasienten i fokus og digitale konsultasjonar.

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende

51/21 Forbetringsprogrammet

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 51/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk ein presentasjon av forbetringsprogrammet i Helse Møre og Romsdal ved fagdirektør Torstein Hole. Hole presenterte HMR nær 2021, digitale konsultasjonar, Helsetenesteassosierte infeksjonar og sjukefråversoppfølging.

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

52/21 Forskings-, innovasjons og utdanningsmelding for Helse Møre og Romsdal 2020

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 52/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk ein presentasjon av årsmelding 2020 ved konstituert utdanningssjef Guro Berge og forskingssjef Dag Arne Lihaug Hoff. Berge presenterte mellom anna informasjon om praksisplassar innan fleire ulike yrkesgrupper, simuleringsaktiviteten og fagbiblioteket i HMR. Hoff presenterte forskingsaktiviteten i helseføretaket.

Vedtak

- 1.Styret tar Forskings-, innovasjons- og utdanningsmeldinga til vitende
- 2.Styret seier seg nøgd med den innsatsen føretaket har gjort innan desse områda i 2020
- 3.Styret ber AD følge opp meldinga i tråd med overordna strategiske føringar, og med særleg vekt på område som er identifisert med høg risiko

53/21 Pasientskadar i Helse Møre og Romsdal HF for 2020

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 53/2021 i møte den 19.05.2021

Behandling

Styret fekk ein presentasjon om pasientskadar frå Helse Møre og Romsdal registrert i 2020 av smittevernrådgivar Kathrin Enebakk. Fagdirektør Torstein Hole bistod med svar på spørsmål frå styret.

Vedtak

- 1.Styret tar årsrapporten til vitende
- 2.Styret ber om at det vert arbeidd vidare med førebyggande tiltak for å redusere talet på pasientskader i HMR
- 3.Styret ber om å verte orientert jamnleg om utviklinga av pasientskader i føretaket